

Reguleringsføresegner for Vaa tipp, del av Vaadalen sameige aust, Vinje.

Ark.kod:

Løpenr.

Saksh.

Kassasjef

Området regulerast til:
Spesialområde
-steinbrot /massetak
-privat veg
-anna veggrunn
Klimavernsone

Føresegnene gjeld for det området som er visa med reguleringsgrense på kartet.

Spesialområde:
Uttak av steinmasse.

- 1) Det skal utformast ein driftsplan, med kartdel i mål 1:1000. Driftsplanen skal godkjennast av kommunen / Bergvesenet og utarbeidast etter dei krav som Bergvesenet stiller til slike planar og etter dei krav ein set med omsyn til drift i reuleringsplanar for massetak. Kommunen / Bergvesenet kontrollerer at drifta skjer i samsvar med godkjend driftsplan. Driftsplanen skal ajourførast kvart 5. år, eller etter nærare avtale.
- 2) Det skal ikkje vera drift mellom kl 19.00 kveld og 06.00 morgon måndag til fredag, ikkje i helgene eller på heilagdagar.
- 3) Støy til omgjevnaden skal ikkje vera over 50 dBA .
- 4) Ein må sikre at det ikkje vert avrenning av ureining / slam til vassdrag.
- 5) Om massa skal brukast i samband med hus skal verdien av radium-226 ikkje vera over 300 Bp/kg.
- 6) Det skal ikkje takast ut masse lågare enn opphavleg terreng.
- 7) Område for jord og skogbruk
Her skal vegetasjon takast vare på slik at det får ein mest mogleg skjermende verknad. I området mellom massetak og elva skal det ikkje gjerast noko terrengingrep.
- 8) Klimavernsone: Her skal ein taka vare på vegetasjon og opphavler terreng, som ein skjerm sør og vest for massetaket.
- 9) Fellesføresegner:
Området bør sikkrast med bom, skilt, evt. gjerde og nødvendige tiltak settast i verk for å unngå skade på, person, eigedom og trafikk.
- 10) Etter avslutta drift skal området gå attende til LNF område.